

80 år.

Det har vorre skrive nyleg her i bladet og meldt om at den kjende Lenvik mann, Jørgen Jernslett, Vangshamn, har runda otti år. Likevel ber eg, herr bladstyrar om rom for nokre merknader til ved dette høve.

Jørgen Jernslett, Vangshamn, er født på Jernslett i Lysbotn i 1867. Foreldra var Johan Kristoffersen og Anne Tønder. Berre 14 år gamal måtte han i fiskarbåten. Han var då med til Finmark som skottgut. Då han var 21 år-kjøpte han seg fembøring. Då han var 23 år, vart han gift med Rise Andersen, Øyjord, Finnfjord.

Same året kjøpte han seg ein utmarkteig og bygde seg ein heim. Men å få denne utmarksteigen dyrka var ikkje lett. Heile jorda var berre steinmoar og blaut hengemyr. Fylkesagronom Hansen, Skogshamn var og la planer for grøftinga. Så vart då myra grøfta og ferdig til pløying. Men ingen i bygda ville pløye med to hestar, det hadde dei ikkje reidskap til heller. Så fekk han då Nils Peder, Gamalgård, Rossfjord, til å komme med to hestar og reidskap. Han reiv opp fleire mål jord, og han kom kvart, år og pløydde. Han tok då i dagløn for to hestar og seg sjølv kr. 7,50. Arbeidsdagen var 10 timar og meir.

I hundreårsskiftet og utover til 1909 tok fisket av. Jørgen slutta då med fisket og for på anleggsarbeid, først på Kirkenes, seinere på Solbergs Kraftanlegg på Austlandet. Med han var borte for å skaffe føda for seg og sine, var det kona som styrte med egedomen. Og som det dyktige menneske ho var, greidde ho det fint.

I 1921 vart Jørgen landpostbud og vegvaktar i Lysbotn. Ved sida av dette dreiv han garden sin fram til eit mønsterbruk. Og endå så mange «jarn han hadde i elden» fekk han tid tilovers for foreningslivet. Skipa Lysbotn tuberkuloseforening og stod som formann i mange år. No er han æresmedlem. Han skipa og redningsforening og har fått utmerking frå Redningssselskapet

I 1914 døydde Rise. Jørgen sa då opp stillinga som vegvaktar og landpostbud. Ei tid etter slutta han med gardsdrifta og flytta til Harstad til dotter si. Dei fire barna hans har alle gode stillingar. To er i Noreg, og to er i Kanada.

Jørgen og Rise var to ærlege slitarar. Dei åtte det som vi kallar arbeidsglede. Dei skapte sig ein heim der alle rådde dei frå å ta fatt. Men dei gjekk på oppgåva med ljost tru og seig vilje. Og dei gav aldri opp om det kunne sjå mørkt ut. Og dei heldt trufast saman i godt og vondt. Alt liv verna dei om og var glad i, frå plantar og tre til dyra i fjøset. Mot grannar og kjente var dei hjelpsame. Ingen gjekk ut frå deira heim utan å få den hjelp dei bad om, såframt dei kunne hjelpe. Hjartevarme og velvilje vart synt dem som kom til deira heim. For den som var framan, var det som å kome heim til gode foreldre.

Og no er Jørgen 80 år. Framleis har han sitt livsfriske humør. Han har ei eigen evne til å skyne andre menneske, kan le med den glade og gråte med den sorgfulle. Vaken som han er, og med sin livsvisdom og menneskekunnskap har ein utbytte av å snakke med han og høyre han fortelle.

Mange er det som tenkjer på han med takksemnd og ynskjer han alt godt i åra som kjem.

H. B. A.